

## **Møte i Grendautvalet 08.11.23**

Til stede: Gunn Vikingstad (leiar), Gunnar Birkeland, Espen Årvik, Mona Aksdal og Jon Magne Svendsbøe.

### **Sak 1. Dommarsnes**

Kontordag 14. november på bygdahuset. Møte med GU etterpå, kl. 16-18.

Kontordag bør i framtida leggest til ettermiddag, slik at folk som er på arbeid på dagtid har mulighet til å gå innom.

Skriv fra Norconsult er lagt ut på Vikebygd.no, som orientering til bygda.

Merknader til planane:

Trulig behov for ytterligere areal ut i fjorden, kor mykje er det snakk om?

Alternativ bruk av industriarealet, kva ligg i det?

Omlegging av fylkesvegen, resten vil ikkje være rigga for storindustri.

Vurdering av effekter for lokalsamfunnet. Inntekter og omdømme knytta til fritid og feriebruk. Småbygdene, inkl Vikebygd har verdi for Vindafjord sitt omdømme her. Levande bygder har verdi for turisme og er attraktivt, trivsel og gode opplevningar fører til at folk reklamerer og kjem tilbake.

Lage eit utkast etter møtet den 14. november med punkter kor ein ytrer ønsker om meir informasjon.

### **Sak 2. Kommuneplanen**

Vikebygd er nevnt i forhold til å utvikle bustadar. Det er og nevnt å fortsette arbeid med gode VIBar, samt utvikling av industriområde på Dommersnes.

### **Sak 3. Gode VIBar**

Bustadgruppa: Gunn og Gunnar skal på boligmessa på Veia til helga, og har stand. Annonserer tomter, og komme i kontakt med yngre folk i etableringsfasen. Informasjon om firma som finst i dei tre bygdene. Kartlegge kva som skal til for at folk vil vurderer og flytta til bygdene i Vindafjord.

Næringsgruppa: Treng ein ny representant i gruppa, fra Vikebygd. Kom nokre forslag her som Gunn følger opp.

Besøksgruppa: Prioritere flytende badstu i alle tre bygdene. Og så sherpatrapper.

Badstu i Vikebygd, få gang på dette prosjektet, burde være mulig å få til. Samarbeid med Båtforeningen.

#### **Sak 4. Parkslirekne**

Parkslirekne sprer seg i bygda, veldig vanskelig å bli kvitt. Sende henvendelse til kommunen angående problemet, og kva ein kan gjere med det. Dette finst på både privat og offentlig eigendom.

#### **Sak 5. Bygde-guide**

Gunn har vore på tur til Onarheim, her har dei eigen bygde-guide i papirform. Presentasjon av organisasjonar, kva du kan sjå og oppleve, annonser og lignande. Kan dette være noko for Vikebygd? Vikebygdguiden, Til gjester og nye fastbuande.

Halsnøy: Naturstien med motiv underveis.

#### **Sak 6. Flyktninger**

Kommunen søker etter frivillige integreringspersoner, se om noen kan være interessert i dette. Kan være meir aktuelt om me får flytkningar til Vikebygd.

Sende brev fra GU at me er interessert, kanskje i lag med Bjoa og Imsland. Kommunen treng boligar. Gunnar har sendt fleire henvendelser, men ikkje fått napp. Problemet er at det mangler boligar.

#### **Sak 7. Ungdomsrådet**

Anmode noen fra Vikebygd til å bli med her. Skal høyre med eit par ungdommar.

Skrivar: Mona Aksdal